



**A.S**  
**FISKEVEGN**

**ÅRSRAPPORT 2023 -  
ÅPENHETSLOVA**

09.06.2023

## 1. GENERELL BESKRIVING

AS Fiskevegn er ein global aktør i produksjon og sal av line og fiskereiskap til profesjonelt fiskeri, samt detaljhåndel via butikkutsal i Ålesund.

Selskapet er lokalisert på Flatraket i Stad kommune og har salskontor og butikkutsal i Ålesund.

Det er totalt ca 40 medarbeidrarar i selskapet.

AS Fiskevegn er organisert i Næringslivets Hovedorganisasjon gjennom bransjeforeninga Norsk Industri. Selskapet har inngått tariffavtale med Fagforbundet under TEKO-overenskomsten.

Selskapets bærekraftsstrategi er implementert i strategidokument.

Selskapet har utarbeida interne retningslinjer og styrande dokument for å sikre etterleving av Lov om virksamhetens åpenhet med grunnleggende menneskerettigheter og anstendige arbeidsforhold (Åpenhetsloven). Retningslinjene beskriv prosess for aktsomhetsvurderingar, forebygging, avvikshandtering, varsling og rapportering av forhold etter lova.

AS Fiskevegn har forankra implementering og etterleving av Åpenhetsloven i styret. Dagleg leiar er ansvarleg for å utarbeide og vedlikehalde arbeidsprosessane, samt sikre etterlevelse og iverksetje eventuelle tiltak.

Selskapet har etablert prosess for aktsomhetsvurderingar og risikokartlegging.

Aktsomhetsvurderingane vert gjennomført etter eiga sjekkliste basert på ulike risikofaktorar, slik som;

- leverandørens lokasjon,
- bransje
- produktspeseker

Aktsomhetsvurderingane legg grunnlaget for risikokartlegging av leverandørar og forretningspartnerar.

Risikokartleggingane har som føremål å avdekke faktiske negative konsekvensar eller vesentleg risiko for negative konsekvensar for å ivareta grunnleggande menneskerettigheter og anstendige arbeidsforhold. Våre fokuspunkt er

- Tvangsarbeid – våre leverandørar og forretningspartnerar nyttar seg ikkje av tvangsarbeid
- Barnearbeid – våre leverandørar og forretningspartnerar nyttar seg ikkje av barnearbeid
- Tilsette – våre leverandørar og forretningspartnerar har eit regulert og ordna forhold til sine tilsette.
- Diskriminering og trakkassering – diskriminering og trakkassering på arbeidsplassen er uakzeptabelt
- Organisasjonsfridom – våre leverandørar og forretningspartnerar tillet organisasjonsfridom blant sine tilsette.
- Løn – skal vere anstendig i det landet dei opererer
- Arbeidstid – skal vere etter nasjonal lovgjeving for arbeidstid
- HMS – våre leverandørar og forretningspartnerar jobbar for å minimere den negative påverknaden dei har på Helse, Miljø og Sikkerhet for tilsette.
- Korruption – alle former for korruption er uakzeptabelt i vår leverandørkjede

Selskapet arbeider løpende med aktsomhetsvurderingar og risikokartlegging av leverandørar og forretningspartnerar.

## **2. AKTSOMHETSVURDERINGAR**

Selskapet har ikke avdekket faktiske negative konsekvensar eller vesentleg risiko for negative konsekvensar gjennom våre aktsomhetsvurderinger.

## **3. PLAN FOR OPPFØLGING OG FØREBYGGING**

Selskapet vil vidare halde fram arbeidet med å gjennomføre aktsomhetsvurderinger og risikovurderinger i vår leverandørkjede. Lovkravet og retningslinjene er nyleg innført og rapporten er første rapportering på området. Vi vil evaluere og ta ut læringslæringer i arbeidet for å kunne identifisere forbetringer i våre arbeidsprosesser på dette fagområdet etter kvart som vi arbeider med prosessen.

Selskapet er ikke kjende med at det føreligg faktiske negative konsekvensar eller vesentleg risiko for negative konsekvensar for brot på lovverket i vår leverandørkjede. Vi forventar ikke å gjøre funn i leverandørkjeda, men om det skulle oppstå vil vi handtere dette i henhold til våre styrande dokument.

Flatraket 9. juni 2023

Styret i AS Fiskevegn

Magne Fure

Magne Fure  
Dagleg Leiar

Helge Solheim

Helge Solheim  
Styreleiar

Hans Holth Mustad

Hans Holth Mustad  
Styremedlem

Frode Alhaug

Frode Alhaug  
Styremedlem

Johannes Kirkeeide Solheim

Johannes Kirkeeide Solheim  
Styremedlem

Kenneth Sølvberg Silden

Kenneth Sølvberg Silden  
Styremedlem